

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bremanger.

Emne: Ymse attåtfor.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke).

SVAR

I. Røter: Røter har vore svært lite brukt i Bremanger. Det einaste var at dei nytta svinekjenna (ei), åkersvinerot, om våren når dei plögde. Dei plukka henne på åkeren i bytte og bar det heim. Der löypte dei det og gav grisen. (Å löype, löype, löypte, har löypt, å slå kokande vatn på noko som skal brukast til dyrefor.) Det er ikkje alle stader svinekjenna veks.

B. Bregner (blome).

Røter av blome og fiknande har ikkje vore nytta det eg har kunna spørje opp. Men sjölve ~~hiknande~~ reiv dei om våren og tidleg om sumaren og gav grisen det ferskt. Sume stader brukte dei blome og einestabbe (dei finaste blada) til kalvane om våren før dei slepte dei ut. (Blome -ein, Einestabbe - ein.)

Ordet molgfor er ikkje kjent her.

Bjönnaambe-ein- kunne dei ta litt av, dersom det hövde slik når dei skar lyng. Dette gav dei saman med lynget. I denne samanheng vil eg nemne at i Övrebotten i Botnane er der ein stad i utmarka som heiter Kvangrö. Der er ikkje nokon tradisjon om namnet.

II. Tang og tare:

Tong har vore mykje nytta til for i Bremanger, på dei stadene der veks tong. Retten til tongskjering er ein rett som høyrer garden til. Bruken av tong har nok minka litt etter kvart, etter som arbeidshjelpa har minka, og kraftforbruket har auka. Men framleis brukar dei tong som eit for som kan vere godt å trive til. Det er ikkje sikkert at ein gard brukar tong kvart år, men tong er teken her og der i Bremanger kvart år.

Under siste krigen var her sume som skar mykje tong til grisane. (Å reise å ta tong - å reise å skjere tong- begge uttrykk er brukte.)

Her er to sortar tong som vert nytta. Den vanlege grove som veks på steinar og berg. Så er her ein finare sort som veks på sandbotn, men ikkje djupare enn ein kan få tak i henne med fjere sjö. Ho kallast småtong-söl-eit, söd -eit, og sol- eit, o uttala nesten som å.

Ho er ikkje fastare enn ho kan takast med hendene.

Ved Rylandsholmen tala dei om å plukke sol. Dei plukka det i bytte og bar det heim. Andre stader plukka dei det i kipe og bore heim. Denne sort tong vart berre nytta

2

til grisemat, anten kokt eller löypt. Det var og vert hal-
de for sers god grisemat. I Övrebotten bruka dei å koke ~~de~~
denne tonga i ei tynnegryte (kornturkegryte) eller i ein
stor koparkjel. Dei bruka lite vatn og blanda gjerne
litt mjöl i slik at det vart fast.

Til grisemat vart og den grove tonga helst kokt, til
andre dyr berre löypt.

2. Til kyr tok dei tong frå hausten til våren, til gri-
sen heile året, sol då helst om sumaren.
3. Er fjera så stor at tonga ligg turr, bruker dei helst
ein sigd, men ligg tonga i vatn, bruker dei ljå (stutturv.)
4. Er der tong i fjera på garden, köyrer dei henne til
gards i mökavogna, når hesten er heime, elles vert ho
boren i kiper. Veks tonga eit stykke frå garden, er det
skilnad på framgangsmåten anten dei tek mykje eller
lite. Tong åt grisen tek dei i bytter eller kiper og
har dei i båten med tonga i. Så ror dei heim og ber det
til gards i same binnet.
Skal dei ha tong til kyr, tek dei det gjerne i båten
og förer heim. Er det flat fjere, så köyrer dei vogna så
langt ut at dei kan lesse beinveges i ~~håkan~~ vogna.
Dei bruker då helst ei greip.
5. Sume stader har dei brukt å gje kyrne tong slik
som ho kom or sjöen, men det vert aldri mykje. Det van-
lege er at tong til kyr og vert löypt, berre av og til
kokt. Eg har ikkje fått fretnad frå nokon stad at dei
koka tong saman med fisk og liknande.
På dei stadene der dei löypte tonga til kyrne, kunne
ho liggje i dunge til dei bruka henne. Der dei koka
tonga, vart det gjort med ein gong.
Det var kyr og gris som fekk tonga, men i tunge snövin-
trar, hende det at sauene fekk litt av og til.
6. Tong var rekna, og er rekna for godt for.

Eg kan ikkje gje opp det vanlege namnet på småtonga.
Det er ein tongsort som veks på sandbotn i vikar som
er så grunne at tonga ligg turr ved fjere sjö.

B. Tare.

1. Tare vert berre teken om våren, frå tidleg om våren til
kyrne slepp ut. (Reise å ta tare, reise å skjere tare).
2. Dei har helst ein liten, gamal ljå som vert sett fast
på ei bein stong, frå omlag 1 m lang til omlag 1,5 m.
(Tareljå). Så skar dei taren av ved rota og tok han opp
med ljåen. Det er berre ein sort tare som her vert nyt-
til for, det er butaren, kyrataren, heiter han her.
Dei reiser etter tare ei stund för det er fjere sjö,
slik at dei får ta tare både medan sjöen fell og ei
stund ved flöande sjö.
3. Taren vert teken ~~på kassen~~ i båt og förd heim. Der tek
dei han på land og legg han i dunge eller kasser. Dei
ber han helst til gards i kasser.
4. Dyra får taren straks, men han kan godt liggje i dunge
ei tid, det gjer han ikkje noko. På Ryland hadde dei
lang veg etter tare. Dei laut i Novene, Nesjeberga eller
Grotleberga og tok last på båten. Dei brukte å hengje
taren over nokre stenger og turka han. Når kyrne skulle
ha han, löypte dei honom.

3.

Emne nr.11. Ymse attåtfor.

Ark nr.2.

4. Tare er så godt for at dei gjev han berre til kyr, og òg då helst til mjölkekyrne.
5. Tare er rekna for å vere det beste av hjelpefora. Kyrne mjölka svært godt, når dei fekk tare. For ein 20-30 år sidan tok dei tare dei som hadde höve til det. Etter den tid har bruken minka, men ein kan endå seie at det er vanleg å ta tare kvart år. Retten til taretaking høyrer grunneigaren til.

III. Anna for av planter.

Om sumaren reiv dei geisskoge til grisen. Geisskoge ein - geisskoggen - geiterams.

IV. Hestemök.

Hestemök er ikkje nytta til for i Bremanger. Eg har heller ikkje treft nokon som kan fortelje at det har vore brukt til for.

V. Sörpefor.

1. Her heiter ordet surpe -ei-. Surpa vart laga av höyfre (höyfrö) og kokande vatn og litt mjöl. Dei hadde höyfreet i ei bytte og slo kokande vatn over og rörde det saman med litt mjöl. Det var fyrst og fremst grisen som fekk dette, men og kyrne. Dyra fekk det heitt. No er dette omlag gått av bruk, men for ein 30-40 år sidan var det vanleg for.
"No fekk grisen ei go surpebytte".
2. Ei bløyte vert her laga slik at dei slær kokande vatn over ei bytte med höy eller hå (ho) eller turt potetlauv, eller litt av kvar av desse tinga. Når kyra kalva fekk ho varm bløyte, höyet og det andre til mat og logen til drikke. Kalva kyra om natta, så kveikte dei opp og koka vatn.
~~Bløyte og surpe var alltid varm.~~
3. Bløyte og surpe var alltid varm.
4. Rognebæra vert alltid nytta. Sume vert turka og gjeve kyrne slik, noko vert hatt ned i ei tynne, og så slær dei kaldt vatn over og let det stå ut over vinteren. Kyrne får bæra slik som dei er, og kurne får logen til drikke. Det er sett på som svært drikke.
- 5 og 6. Dette er ikkje brukt her.
7. Det var vanleg å lage bløyte om morgonen. Logen hadde dei litt av i drikkevatnet til kvar kyr. Om kvelden fekk dei ikkje log i drikkevatnet. Dette har vore vanleg brukt av dei gamle like til det siste. Men no går det av bruk etter kvart, som nye folk tek over fjöstelllet. Mange gamle har sett med uvilje på automatiske drikkekar, av di kyrne ikkje kunne få loge.

VI. Fiskeavfall.

1. Fiskeavfall er endå mykje i bruk i Bremanger. I ei el-ler anna form er det årvisst på alle gardane. Det kan skifte frå gard til gard og frå år til år etter som tilhöva skifter, men det er truleg det hjelpeforet som har mest å seie. Men ein kan slå fast at det er mindre brukt no enn før, slik som alle hjelpefor.
2. Hovud og rygger av torsk, ~~skrak~~ sei og liknande vert for det meste salta og hengde til turk. Dette vert nytta til kyrne om sumaren. Dei får eit stykke om kvel-den når dei skal mjölkast. Av og til kan dei og hengje hovud og rygger til turk utan å salte dei, men dette er ikkje rekna for så godt. Dei saltar sild og hengjer til turk og til dette bruk. Alt dette går under namnet kyrabein.
Turka hovud og rygger er ikkje så mykje brukt. Men dei hengde litt i fisket slik at dei kunne ha litt. Det vart slege kokande vatn over (Löypt).
Sjölve fiskesloget vart aldri turka, men dei nytta no-ko av iselen (mjölken i skrei). Denne hengde dei opp på vegger og turka. Når kyrne skulle få han, löypte dei han.
3. Fiskeavfall vert aldri kokt saman med tang eller tare.
4. Dyra får både fisken og krafta-fiskeso -eit-.
5. Alt avfall av det daglege fisket, med unnatak av sjölve sloget, vert nytta til dyrefor, ~~håsk~~ både restane og fiskesoet, fyrst og fremst grisen, men vert det for mykje for han, går det til kyrne.
6. Det som skal kokast, vert kokt i eldhuset, har dei ikkje eldhus, kokar dei inne.
7. Til visse tider når ein har rikeleg, kan nok fiskeav-fallet verte hovudforet, t. d. i vintersildefisket. Men silda vert nytta fersk. Men ein er mest mogeleg varsam for sild vil setje smak på smöret og på flesket.

Om våren hende det ofte at dei fekk ei mengd rognkjeks på garn og i not. Denne vart kokt til grisemat. Iselen om vinteren brukte dei og fersk. Dei löypte han. Små-sild nytta dei fersk för, no fell ho for dyr.

Når dei om vinteren kjøper eller fiskar sild til hus-bruk, tek dei vel vare på rogn og mjelke. Er veret kaldt kan det stå lenge, og dei bruker litt kvar dag, sumt ferskt til kyr og sauer og geiter, noko löypt til kyr. Om våren kjøper dei sildeavfall, stykkesild hos silde-saltarane og gjev kyr og sauer litt kvar dag. Elles kjøper dei og sildesalt og silderiksl hos saltarane, Det er til sauer og geiter. Sjölve fiskesloget har vo-re lite nytta til for. Det var farleg, men litt nytta dei då torskefisket slo til.

November 1948.

2442

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING